

Kvifor verne rovdyr?

Av Erik Solheim

Klassekampen har hatt fleire artiklar om rovdyrkonflikten, og situasjonen er som han har vore. Mykje er skrivi om korleis nokre er plaga når kjøtetande dyr i skog og mark drep sauer, men lite om kvifor Stortinget har vedteke at vi skal ha rovdyr i landet.

Naturvernideen gjorde seg gjeldande ut på 1800-talet, som ein reaksjon på øydeleggingane stadig fleire såg i kjølvatnet av ny industri og nye kommunikasjonar. Med nye marknader og kolet som drivkraft, skaut industrialiseringa fart. Kappløpet etter råvarer vart meir intenst. Skogane låg att som snauflater, både i Amerika og Europa. Reaksjonen var ein ny tanke, ressursvernet: Rovdrift øydelegg grunnlaget for framtidig velstand. Ein annan tanke vaks fram som barn av romantikken, ideen om at den ukultiverte naturen er vakker og viktig for vårt mentale velvære. Den amerikanske naturvern pioneren John Muir (1838-1914) hevda at å forvalte naturen som råvare utan omsyn til anna enn menneskeleg forbruk, er eit alvorleg mistak. Han forsvarte dei åndelege og estetiske verdiane i naturen. Edens hage er i villmarka. Muir hevda, hundre år før Arne Næss, at naturen har sin eigenverdi, utan omsyn til nytten for menneska.

Den tyske biologen og filosofen Ernest Haeckel døyddde i 1919, og vart før det kjend som grunnleggaren av vitenskapen økologi. Haeckel bygde sitt syn på tre sentrale idear. Den eine er eit holistisk syn på naturen; naturen er eit samspel mellom uorganiske element og levande organismar, og denne heilskapen er ikkje mogeleg å dele opp i mindre einingar utan at vesentlege funksjonar går tapt. Den andre berebjelken er ein biosentrisk etikk, at andre artar har moralske rettar som mennesket ikkje har rett til å sjå vekk frå, og den tredje: Vi kan ikkje redusere naturen til ei råvarekjelde og berre det.

Amerikanaren Aldo Leopold (1887-1948) var utdanna forstmann og starta sin karriere som konvensjonell viltforvaltar med den oppfatninga at det galdt å auke produksjonen av vilt, som andre jordbruksavlingar. Inspirert av Haeckel kom han seinare på andre tankar, og skreiv sitt vidgjetne essay "The Land Ethic". Leopold argumenterte for å sjå på land, eller økosystem, som ein levande organisme som har krav på respekt. Han hadde ingen ting i mot å avlive dyr, men berre så lenge det ikkje gjekk ut over det økologiske samfunnet dei høyrer til i.

Leopold viser til at etter slaget ved Troja hengde Odyssevs ein flokk kvinnelege slavar for umoralsk åtfærd. Ingen reagerte på dette, for slavane var Odyssevs' eigedom. På same måten som slavar etter kvart vart tekne inn i varmen som menneske, burde vi, hevda Leopold,

utvide våre moralske grenser til å femne om det økologiske samfunnet som mennesket i realiteten er innbyggjar i, og ikkje kan vere sigerherre over. Ei handling er rett, meinte Leopold, om ho verkar til å ta vare på integriteten, stabiliteten og det vakre i naturen. Handlinga er feil om ho verkar motsett.

Dette var kontroversielt i 1948. I dag er desse ikkje-materielle naturvernideane langt på veg folkeopinion i vårt land. Fleirtalet har fått eit anna syn på naturen enn for nokre tiår sidan. Nyleg fortalde Nationen at tre av fire vil verne meir av norsk natur. Til og med i Senterpartiet og på landsbygda er det fleirtal for dette synet. Dei store rovdyra har folket bak seg. Det er rimeleg at Stortinget tek farge av det fleirtalet av veljarane meiner.

Med Bern-konvensjonen av 1979 om vern av ville europeiske planter og dyr, og Konvensjonen om biologisk mangfald frå 1992, vart vern av artar og økosystem er ein del av folkeretten, ei plikt for dei statane som har slutta seg til konvensjonane. Grunngevinga for Bern-konvensjonen er mellom anna at alle artar av planter og dyr er vesentlege for den økologiske balansen. Rettsreglane er ein konsekvens av økologisk innsikt. Eit anna punkt er basert på det grunnleggande tankegodset etter Muir og Leopold, at vill flora og fauna har ein estetisk, kulturell og eigen verdi som framtidige generasjonar må få oppleve.

Prinsippet er at kvar stat har plikt til å ta vare på dei artane som naturleg høyrer heime i landet, i stort nok tal til at populasjonane kan overleve på lang sikt. I den norske rovdyrdebatten har nokre teke til orde for å kvitte seg med ein del av problemet ved at andre statar tek seg av ulv og bjørn, medan vi kan ha nokre individ av gaupe og jerv. Det er ikkje sikkert at dette, isolert sett, ville vere alvorleg for bjørn og ulv i Skandinavia. Men det er ikkje praktisk gjennomførleg å isolere ei norsk løysing. Det ville bryte med det berande prinsippet i både Bern-konvensjonen og Riokonvensjonen. Prinsippet går ut på at det ansvaret ein stat har, det må alle ha. Dette er dugnadsprinsippet. Det er ikkje berre i vårt land at nokre artar er til skade og ulempe. Ein avtale basert på at nokre statar kunne sleppe unna dei vanskelege artane, ville utløyse endelausa diskusjonar på tomgang. Ulven er vanskeleg over alt, så kven ville ta på seg bryderiet med ein slik art dersom det var opning for å sleppe?

Langt på veg har rovviltpolitikken verka etter intensjonane. Talet på rovdyr har komme seg, og saueta har på ingen måte auka i takt med veksten i rovdyrstammane. Det ser heller ikkje ut til at spådommen om at rovdyra tek knekken på sauehaldet har noko for seg. Dei som søker erstatning, slepper fleire dyr på beite no enn for ti år sidan. Rett nok har det vore ein viss nedgang i det siste, men denne tendensen er like tydeleg i rovdyrfattige vestlandsfylke som i Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag.

Bernkonvensjonen har totalfreda lange lister av planter og dyr, og slik at statane har plikt til å sikre leveområda, ikkje berre la vere å ta knekken på individa. Dei store rovdyra er ein liten minoritet, men prøvesteinen på om den siviliserte tanken om å ta vare på artane i naturen har noko framtid. Det tok nesten hundre år å komme frå uhemma rovdrift til eit visst måtehald i naturforvaltninga. Framtida vil nyte godt av det.